

Vestland Fylkeskommune  
v/Aleksander Øren

Kopi: NVE

Dato: 26.09.24  
Sted: Dale i Sunnfjord  
Vår ref:  
Deres ref:

## Tilleggsinfo vedr. konsesjonssøknad for Hundsåna

Det var halde avklaringsmøte mellom partane VLFK, NVE og Hywer for å avklare tilhøve mellom Den planlagde Heilevantunnelen og det planlagde kraftverket Hundsåna i høve konsesjonshandsaming hos NVE.

Drøftingspunkt var som følgjer:

- Sanering og omklassifisering av FV 609
- Anleggsarbeidet
- Deponi
- Borehol over Heilevantunnelen
- Løyve etter veglova

I møtet vart punkta drøfta og det vart avklart eit behov for ytterlegare informasjon på punkta:

- Framdriftsplan
- Oppretthalde delar av FV 609
- Profil for borehol
- Deponiplassering

### Framdriftsplan

Vi har skissert den vidare prosessen for Hundsåna Kraftverk i ein framdriftsplan. Den avhenger av NVE si handsamingstid.


Fase	Start	Tidsbruk	Slutt
Handsaming av konsesjonssøknad	Juli 23	17 mnd	November 24
Detaljprosjektering/førebu planar og søknadar	Desember 25	2 mnd	Januar 25
Handsaming av detaljplan og andre løyver	Februar 25	5 mnd	Juni 25
Bygging	Juli 25	26 mnd	September 27

### Oppretthalde delar av FV 609

For å sikre vegtilkomst til kraftstasjonen treng vi at del av fylkesvegen fram til punkt med referanse «FV609 K S6D1 m550» vert opprettholdt frå Heilevang.

## Profil for borehol

Som følgje av nye grunnundersøkingar har fylkeskommunen måtte flytta trasé for fylkesvegen. I figuren til høgre er avstand til fylkesvegen vist ut i frå førre, og mogleg nytt framlegg til vegtrasé. Det er lagt ved fil med plassering av førebels boreholtrasé og fullskala lengdeprofil av vassvegen.



## Deponiplassering

Det er berekna eit masseoverskot 1000 m<sup>3</sup> som ikkje kan nyttast til andre føremål som skredvoll eller anna. I konsesjonssøknaden var det lagt inn samanfallande deponiareal for kraftverket og for fylkesvegen. Det har i ettertid blitt sett på alternativ plassering for deponi her har vi etter drøfting med grunneigar kome fram til at areal på gbnr 80/1, som vist i figur og biletet under, kan nyttast som deponi. Arealet er på 2 daa og totalt berekna kapasitet på arealet er 3000m<sup>3</sup>, så arealet har god plass til å ta i mot overskotsmassane frå Hundsåna kraftverk. Området er i dag eit overflatedyrka areal som er regulert til LNF område i reguleringsplan for fv 609, og er slik vi ser det ikkje tenkt nyitta til deponi i høve fylkesvegen.

